

Vêrstasjon

TEKST: NORUNN K. TORHEIM



Internett

www.miamisci.org/hurricane/weatherstation.html

Leksikon for meteorologar:
http://met.no/met/met_lex/a_f/

Sjå korleis du lagar ein vêrstasjon (engelsk):
<http://sln.fi.edu/weather/todo/todo.html>
http://familytlc.net/issues/november2002/science_8_5463.html

nysgjerrigper.no: Les og lær korleis du lagar eit anemometer – eit apparat for å måle farten på vinden.

Har du ikkje noko anna å snakke om, så snakk om vêret! Men korleis var vêret i fjor på denne tida, var det betre eller dårlegare? Lagar du din eigen vêrstasjon no, kan du bruke kunnskapane dine om det lokale vêret i dei komande åra.


Nedbør

For å finne ut kor mykje nedbør det er, kan du lage ein nedbørsmålør.

Du treng: 0,5 liter plastflaske utan kork, linjal, saks og sprittusj

Dette gjer du:

- Del flasken der ho begynner å smalne innover
- Snu toppen av flasken opp ned og plasser han i den nedste delen av flasken
- Set av eit merke for kvar centimeter på utsida av den nedste delen av flasken og nummerer merka
- Set nedbørsmåløren ute ein stad der han står stødig og verna for vind
- Les av og noter kor mange millimeter nedbør det har vore kvar dag




Luftrykk

Lufta rundt oss trykkjer på kroppen vår. Når luftrykket aukar (høgtrykk/H), blir det som oftast betre vær. Når det fell (lågtrykk/L), blir vêret dårlegare. Luftrykket måler du med eit barometer.

Du treng: 0,5 liter plastflaske utan kork, eit kar med vatn – for eksempel ein tom isboks, hyssing, linjal, modellerleire

Dette gjer du:

- Legg ein stor klump leire i botnen av karet
- Fyll karet med 5–10 cm vann
- Fest linjalen til flasken med hyssing
- Set av merke for kvar centimeter på utsida av flasken. Nummerer strekane (lågast nummer nærmast flasketuten).
- Fyll flasken treferdedels full med vann.
- Hald fingrane over flaskeopninga slik at det blir tett.
- Snu flasken opp ned og senk opninga under vassflata i karet.
- Ta bort handa og hald flasken rett.
- Set linjalen ned i modellerleira slik at flasken står stødig.
- Plasser barometeret inne.
- Lufta trykkjer på vassoverflata i karet. Dersom luftrykket stig, blir vatnet pressa opp i flasken. Det motsette skjer når luftrykket fell. Noter kor høgt luftrykket er kvar dag. NB: Det kan vere snakk om små endringar, så sjå nøye etter når du les av.



Vind

Forandringar i temperatur og lufttrykk får store luftmassar til å flytte seg omkring. Luftrørslene blir kalla vind. Retninga og farten på vinden avgjer kva slags vêr vi får. Opplysningar om vinden blir samla på vêrstasjonar, skip og satellittar ute i verdsrommet. Desse opplysningane blir brukte til å føreseie vêret.


For å måle vindretning må du lage deg **ein vêrhane**.

Du treng: eit tomt beger – gjerne eit yoghurt- eller rømmebeger, blyant med viskelêr, papp, teip, sugerøyr, saks, knappenål, modellerleire.




Dette gjer du:

- Snu begeret opp ned og lag eit hol i botnen.
- Lag fire trekantar av papp som du merkjer med nord, sør, aust og vest. Fest dei på botnen av begeret slik at dei peikar i riktig retning.
- Lag to trekantar av papp som du festar i kvar sin ende av sugerøyret, slik at du får ei pil.
- Set knappenåla midt på sugerøyret og fest henne til viskelêret på blyanten.
- Plasser vêrhanen på ein ring av modellerleire slik at han står stødig.



Sol eller overskya?

I tillegg til dei målingane du gjer med instrumenta du lagar, kan du notere deg om det er sol, og kva slags skyer det er på himmelen.



Temperatur og andre målingar

For å måle temperatur treng du eit termometer. Mål temperaturen kvar dag, og skriv ned målingane. Nokre målingar er interessante berre delar av året, f.eks. måling av snødjupn om vinteren og temperaturen i vatnet om sommaren. Lag tabellar med ein kolonne for dato og ein annan for målingane. Skal du samanlikne målingane frå dag til dag og månad til månad, er det lurt å lage kurver. Viss du legg saman alle verdiane for temperaturen ei veke og deler på sju, får du gjennomsnittstemperaturen den veka.



Tips:

Ta kontakt med nokon du kjenner som bur ein annan stad i landet. Gjer målingar på kvar dykkar kant og samanlikn vêret.

